

Mange fiskarar i elva.

21.06.2016



Fløgefiskar ved Rabben Feriesenter

**Etter ein roleg oppstart på fiskeseongen på grunn av tørt ver, gjorde regnet at det vart fart i fiskekortsalget i går. Då eg var ein runde, kunne eg registrera fiskarar fleire stader rundt i elva som då hadde god vassføring. Det er også rapportert inn nokre friskar, men det er framleis Arnt Erik Skjøtskift som har fått den største fisken med ein laks på 5,3 kg.**

Eg kunne sjå at det var fiskarar ute både ved Rabben Feriesenter, Djupenhølen, Døssland og i Leirhola på min kjappe rundtur. Mange av dei var utanbygds og tilreisande. Største fisken som vart rapportert inn var ein laks på 2,2, kg som vart tatt i Gravehølen.

Elva hadde svært fin storlek i går, men ein røynd fiskar eg snakka med sa at erfaring viste at det ofte ikkje var det heilt store fisket ved den første elvafylla. Derimot hadde han store forventningar til neste gong elva flaumde opp. Han hadde likevel vore borti fisk denne gongen og.

Elveeigarlaget kunne melda om svært god pågang etter kort. Dessverre fekk dei litt problem med fiskekortsalget då det vart stopp i salet då det var 2 kort att. Dette har dei teke kontakt med dataleverandøren om så dette vert ordna opp i.

Informasjon om fisket og Uskedalselva finn de på [www.uskedalselva.no](http://www.uskedalselva.no)



Fire fiskarar på Døssland

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland